

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Grong.

Emne: Folkemedisin.

Bygdelag. Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken. 91 år.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Meldaren bur på garden Bjerken i Grong. Kårmann er yrket.

SVAR

I. Husråd-Kjerringråd.

Når det gjeld sjukdom og innstillings til sjukdom kom ein vel ikkje burt frå, at det var meir hardførheit yver dei gale slekter enn yver den generasjon, som liver no og fleire av dei seinare generasjonane. I den eldre tid var det vel mest dei sterkaste av dei som kom til verda, som hadde sjansen til å leva opp. Dei veikaste av dei nyfødte døyde, og når ein sjer gjennom dei gamle kjerkebøkerne finn ein, at småborndauen har vore stor. Mykkje av dette sylvdes dei smitsomme barnesjukdommar, som gjekk over bygderna og som dei den gongen ikkje hadde rådbøter for som no. Men utanom dei av småborna som døyde av smitsomme sjukdommar, var det veiklingar millom dei nyfødte, som ikkje greidde å leva opp med det helsestell og dei ernæringsmidler ein då rådde over. Ein finn ogso, at folketallet i lannet voks seint og grunnen må ein for ein stor del tru kom av, at ein mindre prosent av dei som fødtes nådde vaksen alder. Det var berre dei sterkaste som levde opp, og det trur ein førde med seg, at det var sterkare og meir hardføre folk i den eldre tid enn no.

Når dei fårlege smitsomme sjukdommar som koppane og difterien kom, var det borna det gjekk hardast utyver. Og å verja seg mot smitten kjendte folk lite til det som kunde vera av effektiv art. Eg har høyrd at dei kun-

de legja eit raudglødd jarnstykjened i ei tjærebøtte og innhalera tjæredampen inne i stova, der familien var samla, men om kor langt dette hjelpte, veit ein ikkje. Dei var vist ogso mykkje plaga av insekter på kroppen, og at dette kunde føra til at sjukdommen fór frå den eine til den andre er truleg. At koppane smitta den vegen er truleg, då denne sjukdommen hadde ord for å svert smitsom. At folk kunde bera muskus på seg mot smitte har eg høyrd og andre ting kunde dei bruka for å unngå å bli smitta av dei fårlege farangar, som det var so mange av i gammeltida.

Det var mykkje godt at dei brukte heimlaga medesin som t.d. mot lungetuberkulose brukte dei spiritus og salt. Denne medisinen reiv godt i halsen og ein medisin måtte vera sterk, om han skulde ha nokkon verk-
nad trudde dei. Kamferbrennevin var ogso ein medisin som folk hadde og trudde på. Kamfer skaffa folk seg og so hadde dei det på ei flaska brennevin so mykkje som brennevinet kunde løysa opp, og af dette tok dei inn når dei kjendte seg uvel. Doseringa var forsvarleg, då dei tok heile drammen av denne mikstur. Foresten laga dei medisin av urter som dei leita og mykkje godt blanda med brennevin mest til innvendig bruk, men brennevin vart ogso brukt som blanding i ei salve til utvendig bruk. Mot sår som vilde verke laga dei ei salve av kvæ og talg som dei smelta ihop og det var faktisk ei god salve, som fekk eit sår til å gro fort. Vart ein forkjølt med hoste og snue koka dei hylde og drakk og mot kik-
hosten drakk dei mæramjølke når nostefarangen fór på ei slik tid, at der fanst ei mæ på gardane som hadde fylja og mjølka. Mot gulsot brukte dei ein radikal kur. Den bestod i få patienten til å eta ei lus, men han måtte ikkje vita det. Det var på ein gard, at dei var so kleint rusta med medisin, at dei ikkje åtte ei einaste

lus på garden, men so for dei til ein indrestfamilie, der dei trudde at dei åtte denne medisinen, og det lukkast, og medisinen vart sikkert brukt, då den hadde vore brukt frå gammelt av, og dei trudde på han. Dyvelsdrekk var ein av dei medisiner som eg hørde nemnt av gammelkarane. Den skulde vera nokko vanskeleg å ta, då den vart brukt til å ta inn. Men den skulde vera av framifrå verknad. Den var vist ikkje heimlaga men kjøpt på apotek eller av andre som handla med medisinsaker. Dei som dreiv som heimedoktorar samla vist inn dei urter som vart brukt til medikamenter. Men korleids dette gjekk for seg og dei urter dei brukta veit ein lite om. Om dei hadde medisinske bøker eller lause opskrifter er ikkje kjendt men mest truleg, at dei som dreiv med dette hadde kvar sin måte å laga medisinen på. Kopping og årelating hørde til i den gamle måte å kurere på, og dei einskilte personar som dreiv med dette ^{VAR} ~~men~~ mest mannfolk. Å kurere med medisin var det ogso kvinnfolk som dreiv med.

II. Bygdelækjarar.

A. Lækjarane.

Det var både menn og kvinnor, som dreiv som bygdedoktorar. Ein trur, at det var gåverike folk som vilde gjera godt mot sine medmenneskjer, og som ogso forstod å hjelpa der det trongs. Når nokkon hadde ein verkefinger, var det heimedoktorane som tok hul på den, men ikkje før den var moden, og so la dei graut på såret for å trekja materien av verken ut. Dei la ogso graut på verken for at den kunde mognast snarast råd var. At det å driva som heimedoktor var arveleg, veit eg ikkje nokko om, men at dei som kunde setja blod lærte opp nokkon av borna til det samme, var det vist. På Snåsa har det dog vore ei familie der det har vore arveleg å driva som bygdedoktorar, men her har det vore mest med håndspålegning å hjelpa mot gikt og anan lidning i kroppen, som folk har vore plaga med. Hit til Namdalen kom det ein skulemester

frå Soknedalen, som der hadde vore asisterande til distriktslækjaren ~~der~~ og lært eit og anna på den måten, og honom søkte folk mykkje når dei hadde verkefingar, og so kunde han trekja tenner når folk hadde tannpine. Det var vist i dei fyrste av 1860 åra, at han kom hit og han vart søkt til århundrskiftet og lenger, so lenge han greidde å trekja ei tann. Han og andre som dreiv med slikt doktorarbeid kravde aldri nokko betaling for den hjelpa dei gjorde, men folk ga dem eit beløp som dei meinte dei måtte ha. Det var fleire av desse bygdedoktorane som var flinke til å setja i ledd og til å spjelka eit beinbrott, so dei var på ein måte populære millom bygdefolket, men dei tilsette doktorane, etter at byderna fekk dei, likte ikkje dei sjølvlærte bygdedoktorane.

I Grong var der ei kona Anne Volli, som kom for retten av di, at ho hadde vore til hjelp åt dei som var sjuke. Ho vart anmeldt to gonger fyrste gongen av presten og andre gongen av distriktslækjaren, men ho vart frikjendt då retten fandt, at ho ikkje hadde gjort nokko gale men måtte lova å slutta med kurane sine. (Grongboka sida 108). Når ho kom for retten var vel grunnen mykkje den, at ^{ho} var skulda for litt mystikk med laginga av medisinen sin. Ho laga den av urter som ho leita i skog og mark. Evnen til å driva med magisk kurering var arvelig men ellers såg det ikkje ut til, at doktorarbeidet i bygda hadde nokko med arv å gjera.

B. Lækjeråd og lækjekurar.

Kva slags urter og andre ingrediensar bygdedoktorane laga medisinen sin av, er det vanskeleg no å ha nokko sikker meining om. Ho Anne Volli, som er nemnt framanfor, laga ei salve av urter og littt brennevin og so brukte ho pusten i smedia til ein blæst i dette salveemnet sitt, og dette er det einaste ho fortel då står for retten i 1835. Det har vore fortald, at samene kunde laga ei salve mot exem, og at dei skrapa muglet av

ein ost og la det på sår, men kor mykkje sanning det er i dette er uvist å segja nokko om. Men på kvar gard veks nokre store blad som kallast "grorablاد", og desse må etter namnet ha vore brukt på sår. Alt det, som har med heimedoktorarbeidet å gjera, ligg so langt atende i tida, at det meir og meir er glømt. Av teknisk utstyr som heimedoktorane hadde var vel ikkje meir enn ein lanset eller pennekniv til å opna ein verkefinger med, og til tanntrekning brukte dei tenger som var gjort av ein smed i bygda. Mykkje godt var tanntrekjaren smed sjølv. Lansettane var mest laga av eit stykkje av ei urfjær som det var sett egg på. Og til kopping og årelating brukte dei "snepert", som var kjøpt og var eit fint instrument, som ein spendte opp som hanen på eit gevær og avtrekker, so ein fekk blodet fram heilt momentant. Om nokkon dreiv med iglesetting her kjenner ein ikkje til. Å setja blod var det ein og annan som kunde, men dei var vist spesialister i dette og ikkje nokko meir. At prestane dreiv med å hjelpa mot sjukdom veit ein ikkje, men at skolemeistrane fór omkring å pensla med lapis, når det var difteri i bygda er kjennt. Nokko kjelda med magisk vatn var det ikkje her i bygda det ein veit, men i nabobtgderne Overhalla og Snåsa skulde det vera slike.

C. Lækjebøker.

Om bygdedoktorane hadde lækjebøker er lite kjent. Men om slike bøker fanst, skaffa dei seg dess sikkert. Eg hugsar ei bok som dei gamle sette stort verde på og ho hadde namnet "Den kloke Gubben og Den klokeGummen". Boka var svensk og inneheldt opskrifter om alt mulig og sovitt eg mins ogso om sjukdommar og rådbøter. Den eg såg er borte, og om det fins fleire i bygda veit eg ikkje. Mulig i eit eller anna bibliotek.